

Fra: Pauline Tomren (Pauline.Tomren@vlfk.no)

Sendt: 12.09.2020 19:36:34

Til: Politisk

Kopi:

Emne: Spørsmål til OPKU-møte neste veke

Vedlegg:

Hei! Eg har nokre spørsmål til OPKU-møtet førstkommande veke.

Spørsmål om samarbeid med privatskular om inntak til VGS

Før sommaren gjorde hovudutval for opplæring og kompetanse eit vedtak om at vi ønsker betre samarbeid og kommunikasjon mellom private og offentlege skular i fylket om inntak til VGS. Korleis har det blir gjennomført denne sommaren, og korleis har det gått?

Spørsmål knytt til utfordringar som er drøfta i årsmeldinga til elev- og lærlingombodet

I årsmeldinga til elev- og lærlingombodet blir det drøfta ein del utfordringar kor det er foreslått ulike løysingar.

Elev- og lærlingombodet foreslår mellom anna å arrangere ei samling for lærlingar ved starta av læretida kor kommande lærlingar kan lære om rettane og pliktane sine. Dette tiltaket kan bidra til betre oppfølging av alle som er i lære, og spesielt dei som ikkje er knytt til eit opplæringskontor.

- kor mykje vil det koste å arrangere ein 2-dagars samling for alle lærlingar med overnatting, mat og kurs?
- kor mykje vil kostnadane variere dersom det blir arrangert mindre samlingar ulike stadar i fylket?

Fleire lærlingar spør også om det er mogleg å få tak i eit digitalt lærebevis sånn at dei kan få rabattar på ulike arrangement og innkjøp.

Kor mykje vil det koste å

- lage ein eigen app med lærebevis?
- å kjøpe tenestar frå eksisterande student-/elevbevis appar?

Det er også skildra ei utfordring kor lærebodrifter ønsker å heve lærekontraktar når lærlingar ikkje har rask nok progresjon. Her meiner elev- og lærlingombodet at det er mange lærlingar som treng ekstra tilrettelegging, og at det bør settast av midlar til å gi hjelp til dei som treng det.

- Kor mykje vil det koste å gi tilrettelagt opplæring til lærlingane som treng det?

Helsing Pauline Tomren, MDG